**Til Uskedal Musikklag på 15 års dagen laurdag 1 desember 1951**

Vel møtt! Og til lukka med dagen i dag
me helsar Uskedals-musikk-lag.

Til lukka de som bar tanken fram
i dag de haustar alt anna enn skam
eit storverk var det beint de gjorde,
og de skal reknast av bygdi sine store.

Til lukka de som frå fyrste dag
trufast hev spela i dette lag,
og trauste de enno i laget sit
og lærer dei unge med age og vit.

Til lukka og de som for styret stod
og såg at alt gjekk med fred og ro,
at arbeid og samspelet vel gjekk saman
so øvingane vart hugnad og gaman.

Til lukka og de som gale spådde,
det var vel at dykkar tanke-gong ikkje rådde
de meinte me sette alt yver styr,
men i fred fekk de hava bå gard og kyr.

For 15 år sidan so det bar til
at eit musikk-lag i bygdi dei skipa vil.
Horni dei kjøpte frå Halsnøy so fager
dei hadde kanskje sett sine beste dagar

Men meistarar ve ingen som bruka dei sku
dei skulle læra spela, med von og tru.
10 mann dei var som i laget var
men no dei vanta ein dugande kar.

Aa læra dei notar og mykje sligt
og taktstokken svinga med kraft og vigt.
- I Rosendal veit me der hev dei alt,
der hadde dei mannen som her det galt

Klette han heite, og viljug han var,
og hjelpa oss, gjorde den staute kar.
Og at me frå starten so vel kom i gang
var just at me fekk ein fagmann av rang.

So lærde me spela og alt var vel,

me tok vår upp-gåva med liv og med sjel.
Når nokon reiste og burt laut fara
var alltid andre som med vilde vera.

Edvard var styrar i mange år,
men so drog han til Stord dit alle for.
So kom Abel Haugland, ein dugande kar
hev gode arv, frå sin staute far.

Då Abel reiste, tok faren fat,
og lærar Haugland var aldri lat.
Til øvingane han møtte mang ein gang
um veret var ruskut og vegen lang.

Eit tri-fall hurra! skal i dag han hava
for åri han trufast med oss kava.

Frå bygde-folket av alle stender,
frå alle heimar og alle grender
ei takk so varm me laget sender.

Frå våren då lauvet sprett i lid,
de spelar for oss kvar høgtids-tid.
Og jol-aftan, gjestar de alle grender
og jole-tonar oss alle sender.

Engel Stensletten

Til

Urkedals Musikklag på 15 års dagen
laurdag 1 desember 1951

Vel møtt! Og til lukka med dagen i dag
me helsar Urkedals-musikk-lag.
Til lukka de som bar tanken fram
i dag de haustar alt anna enn skam
eit storverk var det beint de gjorde.
og de skal reknast av bygdi sine store.
Til lukka de som frå fyrste dag
trufast hev spela i dette lag.
og traust de enno i laget sit
og lærer dei unge med age og vit.
Til lukka og de som for styret stod
og såg at alt gjekk med fred og ro,
at arbeid og ~~[illegible]~~ samspelet vel gjekk saman
so øvingane vart hugnad og gaman.
Til lukka og de som gale spådde,
det var vel at dykkar tanke-gang ikkje rådde
de meinte me sette alt yver styr,
men i fred fekk de hava bå gard og byr.
For 15 år sidan so det bar til
at eit musikk-lag i bygdi dei skipa vil.
Horni dei kjøpte frå Holmøy so fager
dei hadde kanskje sett sine beste dagar
[illegible] meistarar var ingen som bruka dei ski
dei skulde lære spela, med von og tru.
10 mann dei var som i laget var
men no dei vanta ein dugande kar.

aa lara dei notar og mykje sligt
og taktstokkin svinga med kraft og vigt.
I Rasmdal veit me der hev dei alt,
der hadde dei og mannen som her det galt.
Klokke han heite, og viljug han var.
og hjelpa oss, gjorde den staute kar.
Og at me frå starten so vel kom i gang
var just at ~~som~~ me fekk ein Jagmann av rang.
So lærde me spela og alt var vel,
me tok vår upp-gåva med liv og med sjel
Når nokon reiste og burt laut fara
var alltid andre som med vilde vera.
Edvard var styrar i mange år,
men so drog han til Stord dit alle for.
So kom Abel Haugland, ein dugande kar
hev gode arv, frå sin staute far.
Då Abel reiste, tok faren tak.
og lærar Haugland var aldri lat.
Til øvingane han kom mang ein gang
~~som~~ veret var ruskut og vegen lang.
Eit tri-fall hurraa! skal i dag han hava
for åri han trufast med oss kava,
Frå bygge-folket av alle stender,
frå alle heimar og alle grender
ei takk so varm me laget sender.
Frå våren då lauvet sprett i lid,
de spelar for oss kvar høgtids-tid.
Og jol-aftan, gjester de alle grender
og jole-tonar oss alle sender.